

## STATSBUDSJETTET 2008 – FLOTT AUKE TIL JÆRMUSEET!

I framlegget til statsbudsjett for 2008 får Jærmuseet ein auke på omlag 2,85 mill kroner!

Dette inneber at det samla tilskotet frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Jærmuseet i 2008 blir 8,8 mill kroner.

Av dette er 2,6 mill ein reell auke, og 256.000 kroner er prisjusteringar.

Ilf. budsjettomtalen skal dei auka driftsmidlane blant anna nyttast til drift av Vitenfabrikken i Sandnes som opnar i mai 2008.

I ei pressemelding frå Kultur- og kyrkjedepartementet heiter det at: "Jærmuseet står for eit nyskapande formidlingskonsept som har vekt interesse hos barn og ungdom for realfag og kulturhistorie. Den nye Vitenfabrikken i Sandnes som opnar i mai 2008, vil gjere Jærmuseet til ein særskild viktig institusjon i den kulturelle skulesekken, seier kultur- og kyrkjeminister Trond Giske."

[Vitenfabrikken]: >

## PLANETARIET PÅ Plass I VITEN- FABRIKKEN

21. september var det fest i Sandnes. Planetariekula, som er bygd på Rosenbergs Verft i Stavanger, kom sjøvegen frå Stavanger til Vågen i Sandnes. Her blei "UMOE-planetariet" døypt av vesle Agnes Ulltveit-Moe, dotter til generalsponsor Jens Ulltveit-Moe. Kula er 9 meter i diameter og vil romma 60

Ei stor folkemengd hadde møtte fram i Vågen for å ta imot UMOE-planetariet som kom sjøvegen frå Rosenbergs Verft i Stavanger. Her blei planetariet døypt av Agnes Ulltveit-Moe på 2 1/2 år.



personar. I løpet av natt til laurdag var den manøvrert på plass i nybygget – godt synleg frå Oalsgata.

Men feiringa var ikkje slutt med dette. Etter lunsj kunne ordførar Jostein Rovik leggja ned grunnsteinen i nybygget – sjølvsagt forma som ei kule.

[Vitengarden]: >

## UTSTILLINGAR PÅ VITENGARDEN

Viss du ikkje har fått med deg utstillinga "Toy Tech" på Vitengarden, har du ennå sjansen – utstillinga står fram til 25. november.

Dette er ei vandreutstilling som inneheld ca. 50 av verdens mest "leikte" leiketøy. Halvparten av desse er "opererte" eksemplar som gir oss innsikt i koss leikene fungerer og ser ut inni.



I samband med utstillinga er det eigen verkstad kor små og store kan få laga eigendesigna leiker. Leiketøy inneheld kvardagsteknologi. Kanskje kan utstil-

linga ser leiketøy ut inni? Og koss fungerer dei? Dette kan du studera i utstillinga Toy Tech på Vitenfabrikken – fram til 25. november.



linga medverka til å at gjestene våre blir meir kritiske til kva som er gode og mindre gode leiketøy. Me trur og at verkstadaktivitetane bidrar til at barn og unge blir flinkrane til å meistra bruk av verktøy, og at dei lettare forstår ulike fysiske og mekaniske prinsipp. I haustferien var det elles mange barnehagar, SFO-grupper og familiar som både prøvde seg i "Toy Tech-verkstad" og utforska dei andre eksperimenta i utstillingane.

«Eit Ord i rette Tid er betre enn mange andre» (Ivar Aasen)

Utstillinga er produsert av North West Invention Center, Redmond, Washington i USA, og er tilrettelagt for eit norsk publikum av Vitensenteret i Trondheim, Nordnorsk vitensenter i Tromsø og Jærmuseet Vitengarden.

Saman med "Toy Tech" kan du og studera forskjellige treleiker som er produserte på Åna Fengsel.

7. oktober opna også utstillinga: "Se hva jeg så".

Her viser 81-årige Kirsten Helene Serigstad for første gong fram eit stort utval akvarellar og hekla luer i mange artige fasongar og fargar.

Dette er ikkje ei salsutstilling. Men

På aktivitetdagen i Varden Sjøredningsmuseum kunne publikum prøva oppleva koss det var å bli hala i land ved hjelp av tau, taljer og redningsstol.



Gjestal ASA har plukka ut 30 luer, laga mønsterark til dei og samla modellane i eit hefte. Så dersom du skulle bli freista av ein eller fleire modellar, kan du gi deg i kast med hekling eller strikking på eiga hand. Utstillinga står til og med søndag 25. november.

### ETTER SKULESLUTT – LEIK OG LÆR PÅ LIMAGARDEN OG GRØDALAND

I sommar var det 4 året på rad at Gjesdal kommune og Jærmuseet arrangerte aktivitetsveke på Limagarden etter skuleslutt. I tillegg stilte Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) - Rogaland som ny samarbeidspart. Dei 30 plassane



Treff du blink? I løpet av "Limaveka" fekk deltakarane vera med på mange ulike naturfags- og friluftskaktivitetar.

blei rastk fullteika, og barn frå 6 – 12 år kunne velja mellom ei rekke aktivitetar med utgangspunkt i naturfag og friluftsliv –fiska i Limavatnet, spikking, dragebygging, bueskyting, mm.

Dei gode erfaringane frå Limagarden har gitt meirsmak. Dette året arrangerte Jærmuseet også aktivitetsveke på Grødaland, i samarbeid med Hå kulturtorg. 25 barn i alderen 10 – 13 år opplevde ein liten smak av livet "i gamle dagar", og fekk prøva seg på aktivitetar og gjeremål som å henta vatn frå brønnen, snu slipe-



Musikk er og teknikk. På Teknikkens dag kom Trond og Kjell Gudmestad med ei rad ulike gitarar, og viste koss gitarar er laga og bygde opp. Publikum kunne og oppleva musikk frå både zither, trekkspel, toradar og sag, og fekk elles demonstrert banesyklar, speedwaysyklar og modellhelikopter med gassturbin.

steinen, kle seg i "gamle" klede, laga "gammaldags" mat og spela gamle spel. Spannande var det og å få spikka med kniv og laga hytte i skogen. Grødaland er ein sjøgard, og kva er vel kjekkare enn å vassa i fjøra og fanga krabbar?

### MANGE AKTIVITETSDAGAR OG MYKJE PUBLIKUM

I haust har det vore mange aktivitetsdagar rundt om på dei ulike anlegga våre. Teknikkens dag, husflidsdag, geologiens dag, 4H-dag, sauedag – for å nemna ein del av aktivitetane på Vitengarden. Dette er tema som tydelegvis appellerer til både små og store. På dei fleste sundagane har det vore mellom 400 – 600 besøkande!

Også aktivitetssundagane på Grødaland har vore godt besøkte denne sesongen. Her har ivrige medlemmer frå Hå Historie- og ættesogelag stått for hagedag, bagedagar og aktivitetar som reipslaging, daldøsa og andre gamle spel. På Limagarden blei den årlege korndagen arrangert 30. september. Nærare 100 gjester fekk vera med på tresking og maling av korn, og smaka på vassgraut og komla.

Søndag 7. oktober fann like mange vegen til Flyhistorisk Museum på Sola der Jærmuseet denne dagen heldt realfagsshow og publikum fekk eksperimentera med "kreftene i lufta".

### DRIFTSAVTALAR MED TIME OG SANDNES KOMMUNAR

På styremøtet i Jærmuseet 1. oktober godkjende styret framlegg til driftsavtale med Time kommune om drifta av Nasjonalt Garborgsenter. Driftsbudsjettet har ei ramme på 6,5 mill., inkludert årlege huskostnader på 1,3 mill. Desse kostnadene, som utgjer 20 % av driftsbudsjettet, skal dekkast av Time kommune. Rogaland fylkeskommune har sagt ja til å dekkja 15 %, og ein vil søka staten om å dekkja 60 % av dei samla driftsutgiftene. Dei resterande 5 %, (325.000 kr.) vil Jærmuseet dekkja av eigeninntektene. Styret vedtok og framlegg til avtale med Sandnes kommune om drifta av Vitenfabrikken.

Med verknad frå 2009 føreset avtalen at Sandnes kommune går inn med til saman 1,5 mill. kroner i ekstra vertskommunetilskot til Vitenfabrikken. 992.000 av dette blit utbetalt frå 2008. Begge avtalane skal behandlast i dei respektive kommunestyra i løpet av hausten.

### HUGS AKTIVITETSDAGAR PÅ VITENGARDEN

4. november:

"Dettan æ vel'kje matte?"

2. desember:

"Jul i gamle dagar"

\*Kva skjer? 07: JULI - OKTOBER 2007

Ansvarleg redaktør: Målfrid Snørteland  
Innspel kan sendast til: post@jaermuseet.no

Designmal: unniform